



Arkivnr: 2019/17873-2

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		

Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse for gnr 43 bnr 600 i Fjell kommune

Samandrag

Klagenemnda har fått oversendt frå Statens vegvesen ('SVV') klage frå Kari Kvale over SVV sitt vedtak av 12.02.19 i høve søknad om dispensasjon frå byggjegrænse for gnr 43 bnr 600 i Fjell kommune for oppføring av bustad. SVV sitt vedtak er grunngjeve m.a med at dei tidlegare har meldt frå om trong for utbygging av gong-/sykkelveg og ny kryssløysing i området grunna m.a farleg skuleveg. Dei legg til grunn at ein ved å gje dispensasjon vil skape vanskar for den naudsynte vegutbygginga, og at det vil påføre fylkeskommunen meirkostnader om ein opnar for bustadbygging på tomta. Fylkesrådmannen er samd med SVV sin konklusjon, og rår til at klaga frå Kvale ikkje vert teke til følgje.

Økonomi: Dersom klaga vert teke til følgje, vil det truleg påføre fylkeskommunen meirkostnader.

Klima: Ingen følgjer.

Folkehelse: Dersom klaga vert teke til følgje, vil det vere problematisk i høve til å etablere trygg skuleveg i området.

Regional planstrategi: Ingen følgjer.

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av vurderinga over til at klage av 25.02.19 frå Kari Kvale, over SVV sitt vedtak av 12.02.19, om dispensasjon frå byggjegrænse for gnr 43 bnr 600 i Fjell kommune, ikkje vert teke til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.10.2019**Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 18.09.19 frå Statens vegvesen (SVV) fått oversendt klage av 25.02.19 ('klaga') frå Kari Kvåle ('klagar') over SVV sitt vedtak av 12.02.19 ('vedtaket') i høve søknad frå klagar motteke av SVV 19.12.18 ('søknaden'). Klagenemnda er klageinstans og skal gjere endeleg vedtak i saka.

Søknaden

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrensa for gbnr 43/600 ('tomta') i Fjell kommune for oppføring av nybygg med minste avstand til fylkesveg 5286 (tidlegare fylkesveg 233) si vegmidte på 11 meter.

Som det framgår i SVV si grunngjeving for vedtaket i saka, og dokumenta i saka, ser det ut til at både klagar og Fjell kommune har oversett at det er SVV som er vegstyremakt for fylkesvegar. Dette har seinka sakshandsaminga, men har elles ingen følgjer.

Vedtaket

Det påklaga vedtaket, SVV sitt vedtak av 12.02.19 har følgjande ordlyd:

Med hjemmel i veglova §§ 29 og 30 vedtar vegvesenet å avslå søknad om dispensasjon fra byggegrense for oppføring av bolig på gnr. 43 bnr. 600, innenfor 60/60 byggegrense i kryss mellom fylkesveg 233 og kommunal veg.

«60/60-grensa» er omhandla i nemnde § 29 i veglova. Denne lyder slik¹:

§ 29. Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøsmy og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg. For gang- og sykkelveg er avstanden 15 meter (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg). Føresegnene i dette leddet gjeld dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i tredje, fjerde og femte ledd. Avstanden skal reknast frå midtlinja i høvevis kjørebanana, eller gang- og sykkelvegen. Har vegen åtskilde kjørebaner, eller er det tvil om kva som bør reknast for midtline, avgjer vegstyremakta kva line avstanden skal reknast frå.

Departementet kan for særskilt fastsette riksvegstrekingar sette større eller mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 100 meter. For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strekingar sette ein større avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 50 meter.

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

Ved kryss i plan mellom

- 1) offentlege vegar,
- 2) offentlege vegar og andre vegar som er opne for allmen ferdsle,
- 3) offentlege vegar og jarnveg eller sporveg,

skal byggegrensa følgje den rette lina mellom punkt på midtlinja åt vegane (jernbana, sporvegen) 60 meter frå skjeringspunktet åt midtlinene ved kryss med riksveg og fylkesveg og 40 meter frå skjeringspunktet ved andre kryss. I særskilde høve kan vegstyremakta fastsette ei anna byggegrense for det einskilde krysset. Høyrer dei kryssande vegane ikkje under same vegstyremakt, tar den høgste av desse styremaktene avgjerd i saka.

[...]

¹ Kjelde: Lovdata.no, besøkt 09.10.19.

Veglova § 30, som er den andre heimelen for SVV sitt vedtak lyder slik²:

§ 30. Byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.

[...]

Løyve etter første ledd gir regionvegkontoret for riksveggar og fylkesveggar, og kommunen for kommunale veggar.

[...]

På vestre side av tomta går fylkesveg 5286. På austre side ein kommunal veg. Det inneber at ein må ha dispensasjon frå SVV for tilhøve som gjeld vestre side, og frå Fjell kommune for tilhøve som gjeld den kommunale veggen.

Grunngjevinga for vedtaket

I SVV si grunngjeving for vedtaket heiter det m.a følgjande:

Vi viser til søknad mottatt ved Statens vegvesen den 19.12.2018. Saken er oversendt fra Fjell kommune for uttale, men søknaden gjelder dispensasjon fra byggegrense i kryss mellom offentlige vegar jfr. vegloven § 29. Statens vegvesen er derfor vedtaksmyndighet og har på bakgrunn av innsendt materiell behandlet søknaden fra Kari Kvale.

[...]

Statens vegvesen sine merknader til saken

Tiltakshaver viser flere steder til at planlagt nybygg vil ligge 11 meter fra grense Fv. 233 og at sikten i krysset Fv. 233 mot syd ikke vil bli hindret. Som påpekt i vår uttale til søknad om dispensasjon fra kommuneplanens pkt. 10 (Brev datert 01.02.2019) kan vi ikke se at de oppgitte avstander er korrekte. Tiltakshaver viser selv til at utvendig støy er planlagt løst ved å benytte utvendige støyskjermer i glass. Disse skal plasseres på støttemurer plassert nærmere fylkesveg enn 11 meter. Høyden på støttemurer er oppgitt til maksimalt 1,5 meter over terreng. Kartutsnitt over viser boligen med de omtalte støttemurene. Dette kartet viser også at nesten hele boligprosjektet ligger innenfor 60/60 sonen i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg, jfr. vegloven § 29.

Like sør for gnr. 43 bnr. 600 (ca. 135 meter) ligger det et område som i kommuneplanen er vist som fremtidig boligområde, hensynssone H810_24 med krav om felles planlegging. Av kommuneplanen følger det: «*Snekkevika er eit hytteområde som i 2007 vart lag til bustadformål, med krav om heilskapleg planlegging. Kravet til veg og kvalitetar generelt er annleis for eit bustadområde enn kva det er for hytter. Det er viktig å sikra at utbygginga tek i vare kvalitetar i området, og etablerer gode løysingar. Dei delane av området som kan nyttast til bygging kan ha ei relativ høg utnytting i samsvar med sone 2.*»

Selv om utbyggingen kan ligge noe frem i tid må en påregne økt trafikk til området, noe som blant annet innebærer at gammel infrastruktur før eller siden må oppgraderes.

² Kjelde: Lovdata.no, besøkt 09.10.19.

Både nord og like sør for eiendommen pågår det planarbeid, som på sikt vil gi økt trafikk i området. Som vegvesenet har påpekt ved flere anledninger vil ny utbygging knyttet til blant annet reguleringsplanen for «Snekkevikhagen» utløse behov for kryssutbedring mellom Fv. 233 og kommunal veg.

I forbindelse med uttale til oppstartsmelding til overnevnte plan har Statens vegvesen vært klar på at nytt regulert kryss må utformes i samsvar med gjeldende vegnormaler. Uavhengig av andre aktuelle vegprosjekter, er dette et krav som vil bli gjentatt ved oppstart av nye tiltak i dette området.

Tiltakshaver synes å være av den oppfatning at eventuell utbedring kan skje ved inngrep i eiendommer nord for gnr. 43 bnr. 600 og at det derfor kan dispenseres fra vegloven § 29. Å utbedre det aktuelle krysset vil være arealkrevende og må skje på bakgrunn av en reguleringsplan. Dette sikrer muligheten for medvirkning i planprosessen og offentlige og private interesser kan vektas på bakgrunn av dette. Muligheten for en eventuell bolig på gnr. 43 bnr. 600 må vurderes som en del av dette. Her må tomtens beliggenhet og størrelse vurderes konkret, sett i forhold til nytt kryss. Kriterier som bokvalitet, trafikksikkerhet og støy vil utgjøre sentrale tema i denne sammenhengen.

Klaga

I klaga heiter det m.a følgjande:

Utfra avslag på søknad om dispensasjon fra vegloven for tiltak på 43/600, kan det se ut som saksbehandlar ikke har satt seg korrekt inn i alle innsendte tegninger og planer. Det er opplysningsfeil i avslaget slik det fremstår, derfor må det presiseres følgjande.

Det planlagte bygget har en avstand på 11.m fra senterlinjen Fv 233 til den nærmeste fasaden, som vist på innsendte tegninger og planer og ca 30.m fra kryss FV og kommunal veg.

Støttemurer som saksbehandlar viser til i avslaget, er murer som vil ligge under terreng mot Fv 233, for å holde på masser mot Fv. Murer her er kun synlige fra planlagt bygg, med overkant av en meter høyde på det høyeste nivå og skal **ikke** ha glassvegg som antydnet i avslag.

Støttemurer som er planlagt med glassvegg/rekkverk for å ivareta støyreduksjon fra trafikkstøy, ligger på østsiden av planlagt bygg og således over 15.m. fra Fv. Her vil det bli benyttet preaksepterte løsninger for å ivareta utvendig støyreduksjon i henhold PBL.

[...]

Det er også undrende at det henviser til andre private reguleringsplaner for område, som ikke er relevant for en dispensasjons søknad på 43/600, og bruker dette som et argument i avslaget.

Topografi og stigningsforhold på Fv 233 fra krysset ved kommunal veg mot syd, tilsier at tiltak på 43/600 **ikke hindrer** eventuell utvidelse av eksisterende kryss, i forbindelse med private reguleringsplaner det vises til. Ved å foreta befaring vil man kunne se dette, som også er i tråd med innsendte private planer for området.

Det viser også til i avslaget at avstand til krysset skal være 60.m. og ikke 30.m. som er normalt for denne type kryss og veistandard. Nybygg på 43/600 vil således ligge ca 30.m. fra eksisterende kryss slik det fremstår på innsendte tegninger og planer. Ser man i lys av at det er planlagt ny tilførsel til Fv fra syd vil vanligvis deler av eksisterende vei bli omgjort til kommunal vei og man vil ikke trenge dispensasjon fra avstand til eksisterende krysset, samt at eksisterende bebyggelse ligger innenfor 60.m. grensen.

For å gi dispensasjoner bør man veie ulemper opp mot fordeler, når man skal foreta vurdering av dispensasjon. Ved å gi dispensasjon for tiltak på 43/600 vil dette **ikke** føre til ulemper for Fv 233.

- *Hindrer ikke sikt fra eksisterende kryss mot syd, her vi sikten være over 60.m.*
- *Hindrer ikke eventuell utvidelse av eksisterende kryss på grunn av stigningsforhold på eksisterende vei og topografi av stendelige forhold.*
- *Det planlagte bygget vil ligge 11.m. fra senterlinjen Fv 233, som er større avstand enn eksisterende bygg i området.*
- *Planlagt bygg vil ligge ca 30.m. fra eksisterende kryss, som er normal avstand på denne type vegstandard og innenfor avstand eksisterende bebyggelse i område har i forhold til eksisterende kryss.*

Ut fra normale vurderinger er det ingen ulemper for Fv 233, med å gi dispensasjon fra vegloven her.

Fordel for tiltakshaver ved godkjenning av dispensasjon.

- *Eier av 43/600 for utnyttet godkjent tomt, som er planlagt til boligformål. Tomten har godkjent utkjørsel i kommunal veg fra Fjell kommune og man vil få en normal boligtetthet i området.*

[...]

Argumenter for dispensasjon fra 15 m grense til Fylkesvei 233 (pel §19.2):

1. Eksisterende bolig i område innenfor 10m grense Fylkesvei 233.
2. Nybygg vil ligge min 11m fra grense Fv.233 og således lenger fra Fv.233 enn eksisterende bolig i område. (Se Kart)
3. Nybygg vil ligge 30m fra senter vegkryss Fv. 233 og Kommunal veg.
4. Nybygg vil ikke hindre siktsonen i krysset Fv.2334 mot Syd. Her vil siktsonen være over 80m.
5. Eiendom Gnr. 43 Bnr. 600 ligger utenfor reguleringsområde for «Snekkevikhagen» og således ikke i konflikt med reguleringsplan.
6. For at tomten skal kunne benyttes til boligformål som forutsatt, må dispensasjon gies på Bnr.600, tilsvarende boliger i område.
(Likhetsprinsippet for Tomte eiere.)

Søknad dispensasjon om Oppføring av mur eller levegg:

1. Høyden på støttemurer vil ikke overstige plan på 1,5m over terreng. Se vedlegg tegning.
2. Utvendig støy er planlagt løst med å benytte utvendige støyskjermer med glass for å ivareta kravet her.
Viser til Byggforskrift 421-422 og 517, 521+517,522 preaksepterte løsninger som vil bli benyttet.
3. Overvann og Takvann vil bli ledet i rør til Samle kum, for fordeling i terreng.
4. Mønehøyden blir maks 9 m på høyeste punkt. som er trapphuset til takterasse.
Resterende tak vil være under 7m på resterende bygningsmasse. Se vedlegg tegning.

SVV si vurdering av klaga

I SVV si vurdering av klaga heiter det m.a følgjande:

[...]

Etter det Statens vegvesen kjenner til er det ikkje utarbeidd støyrapport som dokumenterer at gnr. 43 bnr. 600 vil få eit tilfredsstillande støynivå slik tiltaket er prosjektert. Statens vegvesen merkar seg likevel klagars presisering om at støttemurar som er planlagt med glasvegg/rekkverk (mellom anna for å hindre støy) ligg på *austsida* av den prosjekterte bustaden. Ikkje mot fylkesvegen. Her skal det etablerast lågare murar.

At støttemurar mot fylkesvegen i vest er lågare – og difor berre synleg frå bustaden er ikkje avgjerande i denne samanhengen. Støttemurane med høgde i overkant av ein meter skal halde terrenget på plass og utgjer såleis ein vesentleg føresetnad for å kunne byggje på eigedomen. Murane er ifølgje situasjonskart plassert om lag 8 meter frå vegmidte fylkesveg 5286. Byggjegrensa her er 15 meter jfr. «*Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020*»

Eit prosjekt knytt til utbetring av fylkesvegen nyleg er stansa på grunn av manglande finansiering. Likevel tilseier arealutviklinga i området at eit tilbod til mjuke trafikantar bør på plass. Tidlegare prosjektert løysing viser vegutviding mot gnr. 43 bnr. 600. Frå denne eigedomen er det om lag 300 meter til Brattholmen skule. Ein dispensasjon frå byggjegrænse slik som søkt kan gjere etablering av trygg skuleveg vanskeleg.

[...]

Det pågår fleire private planarbeid i området. Både i høve til reguleringsplan «Snekkevikhagen, gnr. 43 bnr. 459 m.fl.» og detaljplan for «Snekkevikvegen, gnr. 43 bnr. 5 m.fl.» er kryssutbetring ein vesentleg føresetnad.

Statens vegvesen har i nyleg uttale til plan for «Snekkevikvegen» fremja krav om at planområdet vert utvida slik at kryssområdet inngår.

Nord for krysset er det ein bratt fjellskjering medan terrenget på gnr. 43 bnr. 600 er flatt. Det vil såleis vere naturleg å sjå på bruk av sistnemnde areal for å oppnå ei kryssløysing som stettar kravet til utforming jfr. handbok N100. I planlegginga må ein mellom anna ta stilling til om det skal leggjast opp til eit T-kryss eller X-kryss. Det er knytt svært ulike krav til siktlinjer til dei to krysstypene og arealbehovet i krysset er såleis uavklart. I arbeidet med detaljplanen må ein og ta stilling behovet for eit tilbod til mjuke trafikantar både langs fylkes- og kommunal veg.

Bustaden Kari Kvale søkjer om vil binde opp arealet i kryssområdet. Ein kan ved ein slik situasjon ikkje sjå vekk frå at Vestland fylkeskommune vert påført kostnader knytt til innløysing av eigedomen gnr. 43 bnr. 600.

Klagar hevdar at det er 30 meter som er normal avstand for denne type kryss og vegstandard. Statens vegvesen er usikre på om ho her refererer til siktlinjer.

Lovteksten i veglova § 29 omhandlar byggjegrænse i kryss mellom offentlege vegar. I dette tilfellet er byggjegrænsa 60 meter frå skjeringpunktet åt midtlinene ved krysset med fylkesveg og kommunal veg.

[...]

Tilråding til vedtak:

Statens vegvesen tilrår at vårt avslag heimla i veglova §§ 29 og 30 på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse i kryss mellom offentlege vegar (Tidlegare vegreferanse Fv. 233, hp 1, km 1,054) vert oppretthalde. Grunngevinga er dei omsyn veglova § 29 skal ivareta. Når det gjeld sjølve bustaden/tomta handlar slike omsyn fyrst og fremst om å ivareta eit godt og trygt bumiljø og trafikktryggleik for born. Byggjegrænse skal og ivareta omsynet til eit tilfredsstillande støynivå.

Når det gjeld samfunnsmessige omsyn står behovet for å kunne utvide vegkrysset og å etablere eit tilbod til mjuke trafikantar sentralt.

Statens vegvesen har i samband med detaljregulering for «Snekkevikvegen» peikt på at planområdet må utvidast. Krysset må regulerast i tråd med gjeldande vegnormal N100. Bustaden det er søkt om vil binde opp arealet i kryssområdet og legge føringar på val av løysingar knytt til kryssutbetring. Arealbehovet knytt til kryssutbetring er uavklart. Ein kan difor ikkje utelukka at Vestland fylkeskommune i framtida kan verte påført utgifter knytt til innløysing, fordi bustad på gnr. 43 bnr. 600 kjem i konflikt med offentleg vegformål.

Vi kan ikkje sjå at søkjar har kome med nye opplysningar i saka som ikkje allereie har vore vurdert.

Tilleggsopplysningar

Gjennom vedtaket av *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016 og 2017-2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegranser for riks- og fylkesveg i Region vest* ('rammeplanen'), har fylkesutvalet vedteke følgjande overordna retningsline for byggjegranser langs vegar i den klassa fylkesveg 5286 tilhøyrer³:

- Byggjegranser 15 meter
- Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av bustader og fritidsbustader innanfor byggjegransa på 15 meter.

Retningslinene er forankra i m.a føremålsparagrafen i veglova, § 1 a, og nemnde §§ 29 og 30. Føremålsparagrafen lyder slik:

§ 1 a. Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avviking av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Klagenemnda handsama i møte 30.08.16 også klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegranse for same tomt. Det blei då søkt om å byggje 8,7 meter frå vegmidte. I den saka gjorde klagenemnda følgjande vedtak, i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag:

Klage frå Kari Kvale over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 16.06.2015, om å avslå søknad om dispensasjon frå byggjegranse frå Fv 233, oppføring av bustad på eignedomen Gnr. 43 Bnr. 600 Brattholmen i Fjell kommune, vert ikkje teken til følgje.

Klagenemnda endra då ikkje grunngjevinga for vedtaket av 30.08.16, noko som inneber at fylkesrådmannen sitt saksframlegg er den formelle grunngjevinga.

I saksframlegget frå 2016 vektla fylkesrådmannen at det ville vere i strid med veglova §§ 1 a og 29, og Rammeplanen. Lovgrunnlaget eller retningslinene som ligg til grunn for det påklaga vedtaket, er som vist det same som for vedtaket som blei påklaga i 2016 og handsama av klagenemnda då.

³ Kjelde: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/veg-og-transport/rammeplan-avkoyrsler.pdf>, jf <https://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=bfbad3b73e3c4c578db8154c3764437a>, begge nettstadene besøkt 09.10.19.

Fylkesrådmannen si vurdering

Klagar si påstand om at SVV ikkje har «*satt seg korrekt inn i alle innsendte tegninger og planer*» rører saka ved at det er usemje om kva avstand til fylkesvegen som skal leggjast til grunn. Klagar si oppmåling er frå lokaliseringa av bustaden, SVV si oppmåling frå dei nemnde støttemurane. Fylkesrådmannen er samd med SVV i at det ikkje er sentralt om støttemurane er synlege frå fylkesvegen eller ikkje.

Det sentrale er om dei er relevante i høve til byggjegrensa og grunnlaget for den. Etter fylkesrådmannen si vurdering er dei det, fordi SVV har vist at det er trong for utbygging av gong-/sykkelveg og vegutviding. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at ein skal leggje til grunn at klagar ønskjer å byggje 8 meter frå fylkesvegen. Skulle ein vere usamd i SVV sin premiss på dette punkt, ønskjer klagar framleis dispensasjon for den avstanden til fylkesvegen ho legg til grunn, 11 meter. Som nemnd av slo klagenemnda i 2016 utbygging 8,7 meter frå fylkesvegen på same stad.

Fylkesrådmannen noterer seg at SVV vil vere viljug til å vurdere saka på nytt når det er avklart korleis ei ny kryssløysing og tilpassing til mjuke trafikantar skal vere i området. Fylkesrådmannen er samd med SVV i at ein må vente på ei avklaring i dette spørsmålet før ein eventuelt dispenserer frå byggjegrensa i området. Dette m.a for å leggje til rette for ein trygg skuleveg, og for ikkje å påføre fylkeskommunen kostnader i samband med innløyning ved ei vegutbetring som SVV frå før av har meldt frå om at det er trong for. Slik fylkesrådmannen ser det, bør samfunnet sine interesser her ikkje vike for interessene til ein privat utbyggjar.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av vurderinga over til at klage av 25.02.19 frå Kari Kvale, over SVV sitt vedtak av 12.02.19, om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 43 bnr 600 i Fjell kommune, ikkje vert teke til følge.